



REFERAT FRÅ DRIFTSSTYREMØTE - KLEPPE SKULE ONSDAG 03.02.21 KL.17.30 – 19.30

Stad: Personalrommet, personalinnngong

SAKLISTE

Rask presentasjon, siden lenge sidan sist.

Sak 08/20-21 Godkjenning av referatet frå 22.09.20

Til info: Oppsett møte i november vart avlyst pga koronasituasjonen
Referatet vart godkjent utan merknadar.
Leiar: Leif Harbo og Simon Giæver deler på dette.

Sak 09/20-21 Elevundersøkinga 2020

Presentasjon av resultata i undersøkinga.

Elevrådsstyret: motivasjon er lågare. Dei trekk fram at det skjer færre kjekke ting på tvers nå, f. Eks ikkje Cabaret.
Støtte heime er eit punkt vi merka oss og drøfta.

FAU: Korona har prega året. Dette har nok påverka både skule og heime.
Motivasjon er lågare. Det ser ut som at det er mindre engasjement frå heimen.
Veldig god støtte frå lærar, det er positivt.

Skulen:

La fram resultata og korleis ein arbeidar framover. Sjølv om resultata er ok er det ein tydeleg nedgang frå tidlegare.

Sjå vedlagde oppsummering/analyse av elevundersøkinga.

Ingen signifikante forskjellen mellom jenter og gutar.

Til slutt drøfta utviklingsgruppa korleis fritida påvirker barn og unge. Det blei f. Eks snakka om at det er fleire elevar som ikkje går på noko nå, i tillegg har det vore mykje nedstengt. Det at fotballen ikkje har tilbod til 7.trinn er noko skulen har merka slår negativt ut for elevane, dei saknar dette, sjølv om dei fleste har funne andre tilbod.

Sak 10/20-21 Saman om eit trygt og godt nærmiljø/ Partnerskap mot mobbing

Komiteen har hatt møte og informerte om plan for vidare arbeid.

Elevrådsstyret: Starta Gledingsplakatkonkurranse

1.-4.trinn: Gleding



5.-7.trinn: Stopp mobbing

Har og laga podcast for å nå ut til alle med informasjon om gledingsarbeidet.

Sak 11/20-21 Nasjonale prøvar 2020

Gjennomgang av resultata frå nasjonale prøvar. Resultata er på landsgjennomsnittet.

Sak 12/20-21 Informasjonssaker

Utbyggjing – kort info om status. Er noko forsinka, men blir ferdig mai 2021.

Økonomi - resultat 2020 og økonomi 2021. Endeleg resultat for 2020 var ikkje klart. Kort orientering om økonomi 2021, nokså likt som 2020, litt meirforbruk, men innanfor venta.

Smittevern – koronasituasjon. Kort info om situasjonen og korleis det fungerer i kvardagen.

Sak 13/20-21 Aktuell info frå Elevråd, FAU, Skulen/SFO og Hovudutvalet Barn og Unge

Elevrådsrepr.: Informerte om Gledingsprosjektet. Plakatkonkurranse med flotte premiar. Laga podcast. Vanskeleg i år når ein ikkje kan ha fullt elevråd samla på vanleg måte, men elevrådsstyret har møter ein gong i veka + ev arbeidsmåten i tillegg.

FAU: Møte i desember. Skal ha i februar. Litt prega av korona. Fokusområde: Trygg og sikker skoleveg. Gleding til elevar: FAU vil glede elevane med at dei får leiker til å bruke ute. Rektor har sendt ønskelista til FAU.

Barn og Unge: Arbeid med budsjettet. Mobbing har vore fokus på sist møte.

Skulen: Viser til sakene over. Fleire elevar går på lite i fritida. Vi treng at dei får aktivitetar i fritida, ser at det er viktig for dei.

Klepp kommune, 25.04.21

Sylvia Gjersdal
Rektor